



# Kyrkjeblad

## For Askvoll

NR. 2 | SOMMARNUMMER | 2015 | 92. ÅRG.

God sommar!



# Eit samfunn av dei vellukka!



Det går an å konkurrere om det meste. Flinkast, penast, sprekast. Flest jern i ilden. Mest pengar på bok. Penast barn. Færrest «riper» i laken. Frommast. Størst mot. Sterkast tru.

Vi har ulike roller, seier vi gjerne. Som foreldre, på jobben, på laget, i søskensflokkene osv. Eg likar ikkje ordet rolle. Det får meg til å tenka på skuespel (skuespel er for skuespelarar).

Å vere kristen kan og bli å ta på seg ei rolle. Vi går gjerne med forestillingar om korleis den bør framtre som trur. Kva inntrykk ein bør skapa hos andre. Det blir som ei drakt ein tar på seg, alt etter kvar ein er og kven ein er ilag med. Det går an å gå så opp i denne rolla at ein til og med kan kome til å innbille seg at det er slik ein eigentleg er.

Då gjeld det om å vere som andre forventar. Gjere ein god figur. Mislukkast du kjem redselen, - frykten for å falle igjennom. Tape ansikt. Gjere ein dårleg figur.

Det er slitsomt å spele ei rolle, – heile tida vere opptatt av å gjere ein god figur.

Det blir ikkje ekte fellesskap av rollespel. Om vi ikkje møtest slik som vi er, møtest vi eigentleg ikkje.

## Trygve Bjerkheim -konsert i Askvoll kyrkje

**Tirsdag kveld 29. september er det klart for konsert med sangar av Trygve Bjerkheim i Askvoll kyrkje  
– ved artisten Marianne Juvik Sæbø som hovudaktør.**

I tillegg vil lokale krefter delta – organist Anton Proskurnin, kirkekoret Korlipro og Olset mannskvartett. Kåre Ekroll, formann i foreininga Trygve Bjerkheims venner, vil kåsere om Bjerkheims liv og forfatterskap.

Det er stort å få besök av Marianne Juvik Sæbø, seier Liv Hushagen, som har stått for den lokale planlegginga av konserten og ho gler seg verkeleg til å synge Bjerkheim-songar.

Juvik Sæbø som bur på Askøy, har utdanning i song og musikk m. a. frå Griegakademiet i Bergen og Royal Academy of Music i London. Juvik Sæbø syng salmar, folketonar, opera og musikal. Ho er kjend både frå program i radio og fjernsyn, har sunge ved Festspela i Bergen og har gitt ut fleire plater.

Trygve Bjerkheim er kanskje den forfattaren som blir sungen mest rundt om i bedehus og kyrkjer i dag. Han er nok best kjend for songane "Han tek ikkje glansen av livet" og "Det er makt i de foldede hender", som begge har sine særeigne historier. Denne siste var på topp i Ønskekonserten i 1960- og -70 åra, særleg ved framføringa av Lage Wedin. Etter konserten i Askvoll går turen vidare til konsertar i Leikanger og Balestrand.



Trygve Bjerkheim – frå Bjerkreim i Rogaland, som alt i barneåra flytte til Austlandet, og etter kvart vart ein av landet sine fremste song- og salmediktalar. Foto: Kåre Ekroll



Den kjende songartisen Marianne Juvik Sæbø gjester Askvoll kyrkje tirsdag 29. september - før turen går vidare til konsertar i Leikanger og Balestrand dagane etter.

Når nokon begynner å løsne litt på rustningen og viser sitt samme eg, blir det frigjort ressursar. Fellesskapet blomstrar. Fleire vågar seg frampå.

Sperrene våre er ofte veldig sterke. Dessutan er nokon av oss «kloke av skade». Vi har hørt ditt og datt blitt sagt om oss eller til oss (gjerne det første). Slik vil forekome. Det får vi be om raushet til å tote og nåde til å holde oss borte frå for eigen - og andre sin del.

Det er ikkje gitt at seier og styrke fører til vekst og framgang. I Guds rikes samanheng, synes det snarare å vere motsett. Når vi vågar å møtast på våre svake punkt, blir vårt møte reelt og verkeleg.

«I svakhet fremmer du ditt verk», syng vi i salmen.

Den som berre framstår som vinnar, tar motet frå mange. I vinnarane sitt fellesskap følest det ikkje godt å vere for den som ikkje føler seg som ein vinnar.

Vi treng å få demontert masker og rustningar så vi verkeleg kan møtast. Om vi får framstå for kvarandre slik vi er, då trur eg grensene mellom oss gjerne blir borte – av seg sjølv. Nåden gjer ingen forskjell på folk! Det er noko av det flottaste ved den.

Kom alle de verdige! Det er ikkje slik invitasjonen til nattverdbordet lyder. Kom for alt er ferdig. Slik lyder, velkomsthelsinga. I kyrkja får du ta imot nåden, både i fast og flytande form. Velkommen!

Stein Hugo Fykse

## Konfirmantane i Askvoll 2015



### Holmedal

Framme frå venstre: Stian Gjørøy, Bjørnar Sunde, Kamilla Fauske Rivedal. Bak frå venstre: Christoffer Grimelid Hegrenes, Sunniva Hoddevik Losnegård, sokneprest Stein Hugo Fykse, Turid Ekblad Itland, Vilde Vårdal, Ole Johan Øvreås



### Atløy

Frå venstre: Prest Knut Arne Kummeneje, Trude Sofie Solheim Grane, Sigbjørn Herland Sund, Miriam Vilnes Mjåseth, Marius Vilnes Gjervik, Iselin Olset, Eirik Herland Ytrøy



### Kvammen

Framme frå venstre: Ida-Oline Rørvik, Maria Flatjord Gjelsvik Bak frå venstre: Tobias Ekreskar Nervik, Benedicte Alice Kvammen, prest Knut Arne Kummeneje, Frida Marie Larsen Endestad, Odin-Mathias Kvammen



### Askvoll

Frå venstre: Solveig Torell Bermudez Morera, Richard Dørhellan, Eirik Økland Siewert, sokneprest Stein Hugo Fykse, Nikolai Brandal, Fredrik Olset Ask, Sindre Nes Veberg



### Værlandet

Frå venstre: Peter Nybø, Narkesha Rhon Alfanta, Yngve Blom Vesterås, Sofie Hopen Landøy, sokneprest Stein Hugo Fykse



### Bulandet

Frå venstre: Oda Rogne Graarud, sokneprest Stein Hugo Fykse, Leah Norheim.



### Stongfjorden

Frå venstre: Andreas Tveit, Peter Søreide Skaar, prest Knut Arne Kummeneje, Charlotte Stang, Jonas Olset Øvrebo



# Kyrkjebladet

– eit «sært» blad som alle les!

Eg har ein liten MP3-spelar. Der kan ein laste inn ulike ting frå nettet. På min spelar har eg lasta inn mange podcastinnslag frå radioprogrammet «Ekko», og vert det for keisamt å sitte med geværet i fanget og speide etter hjorten, så kjem spelaren fram. Sist eg sat på post lytta eg m.a. til eit program om kyrkjeblad, dette «sære» bladet som mest alle les. Ja, slik formulerte ho seg, forskaren og journalisten Magnhild Landrø som i oppdrag frå Staten i 2013 vart ferdig med ei stor undersøking omkring dette emnet. Her er eit resymé av det som kom fram:

58% av alle her i landet får Kyrkjebladet gratis og rett i postkassa, og 80% av desse les bladet. Dette gjer kyrkjebladet til eit av Noregs mest leste blad. Landrø fann også ut at ein stor del av lesarane omrent aldri er med på kyrkjelege aktivitetar, mest aldri går i kyrkja, og er framande for språket som vert brukt der og usikre på veremåten under ei gudsteneste.

Første kyrkjebladet kom i 1902. No er 238 ulike kyrkjeblad registrerte av Kyrkjerådet, men truleg ligg talet på rundt 300. Dette er litt overraskande, for premissane for denne publikasjonen er ikkje av dei beste: økonomien er ofte dårlig, dei som lagar bladet er vanlegvis nokre få amatørar. Vidare er bileta vanlegvis ordinære, - gjerne med gjennomgåande personar som motiv.

Men folk les kyrkjebladet sitt, for her finn dei lokalt stoff som dei «nikkar» til: lister over døpte, over konfirmantar, vigde og gravlagde. Og gode foto vert lagt merke til.

Lokalhistorisk stoff med tilknyting til kyrkje og kristenliv set lesarane særleg stor pris på, og eit samarbeid med det lokalhistoriske sogelaget burde difor vere fruktbart.



Kyrkjebladet har ein preikestolfunksjon, og ein andakt høyrer med til det faste stoffet, men Landrø fann at denne ikkje er populær. Ordet «andakt» burde ikkje brukast i overskrifta, då blar folk gjerne fort vidare. Berre 25% av dei som fekk bladet les andakten. Men fortel namngjevne folk i kyrkjelyden i eit intervju om si kristne tru, då aukar lesarprosenten til 49. Eller som Landrø formulerer det: «Naboens vitnemål er av større interesse enn biskopens juleandakt!»

Kyrkjebladet fungerer som ei stor plakattavle, men lista over komande gudstenester er ikkje særleg populær. Det same kan ein seie om den lokale kyrkja si heimeside på nettet, - ikkje mange brukar denne.

Til slutt seier forskaren og journalisten Magnhild Landrø at ho ofte klør litt i fingrane etter å få ut informasjon til korleis ein med spenstige overskrifter, ingressar og gode bilete kan gjere dei mange kyrkjeblada betre. Landrø reiser rund og held kurs, og kanskje skulle ein ha samla «redaktørane» og invitert henne til kyrkjebladkurs i Sunnfjord?

Det vart ikkje nokon hjort den kvelden, berre nokre tankar om eit av Noregs «sære», men mest leste blad.

Ragnar Bull

**Vil du sjå din annonse her?**  
Kontakt kyrkjekontoret!

# Kyrkjevalet

– Skapar framtidas kyrkje

## 14 september 2015 er det Kyrkjeval.

På same dagen og i tilknyting til same lokalet som kommune- og fylkestingsvalet kan du vere med å bestemme kven som skal sitte i både Askvoll sokneråd og Bjørgvin bispedømeråd/Kyrkjemøtet. Du kan vere med å bestemme korleis kyrkja skal styrast dei neste fire år – både lokalt og nasjonalt. Det er di kyrkje og ditt val!

### Kven kan røyste?

Alle som er oppført som medlemmer i Den norske kyrkja, og som fyller 15 eller meir i løpet av 2015. Vil du melde deg inn i Dnk, ta kontakt med kyrkjekontoret.

### Valkort

I byrjinga av august vert det sendt ut valkort til alle røysteføre medlemmar i Den norske kyrkja. Valkorta vert distribuerte i hovudsak i veke 31, og vil nå medlemene før førehandsrøystinga tek til mandag 10. august. På valkortet vil ein finne informasjon om tid og stad for valet, samt oversikt over kandidatane til både soknerådsval og val til bispedømeråd/Kyrkjemøtet. Du treng ikkje valkortet for å røyste, men det går raskare dersom du tek det med.

Om du ikkje får valkort men er medlem av Dnk, gje beskjed til kyrkjekontoret slik at vi kan føre deg inn i manntalslista.

Om du får valkort men veit at du IKKJE er medlem av Dnk (du er ikkje døypet eller du har meldt deg ut tildegar), kan du returnere valkortet eller ta kontakt med kyrkjekontoret slik at vi kan korrigere feilen.

### Manntal

Du kan undersøke om du står i manntalet på kyrkjekontoret frå 10. august til 1. september. Det er berre høve til å kontrollere opplysningane som angår ein sjølv, eller ein annan person som ein har fått skriftleg fullmakt frå.

### Forhandsrøysting

Måndag 10. august – fredag 11. september 2015  
Askvoll kyrkjekontor (ved sida av Coop, Askvoll) 6980 Askvoll: måndag til torsdag kl. 09:00-15:00 og fredag kl. 10:00-14:00

Siste veka før valet vert det og førehandsrøysting på Askvollheimen og eldresenteret i Holmedal. Tidspunkt for dette vert kunngjort ved oppslag på institusjonen og på [www.askvoll.no](http://www.askvoll.no)

Ta med legitimasjon og valkortet du har fått tilsendt når du skal røyste.

**kyrkjevalet.no**

Skapar  
framtidas  
kyrkje



Les meir om kyrkjevalet på  
[www.askvoll.kyrkja.no](http://www.askvoll.kyrkja.no)



# Kandidatar til sokneråds- valet i Askvoll



**1** **Wenche Ness  
Gabrielsen**

Yrke: **Hjelpepleiar og gruppeleiar i heimetenesta** Alder: 59  
Adresse: **6980 Askvoll**



**2** **Halldis  
Rørvik**

Yrke: **Fagansvarleg** Alder: 63 Adresse: **6983 Kvammen**

**Relevante erfaringar:** Medlemskap i Norges Handikapforbund i snart 40 år; ulike verv i lokallagsstyret, på fylkesnivå og regionalt. Verge/tilsynsførar i barnevernet.

**Satsingsområde:** Vedlikehald og opprusting av kyrkjer og gravplassar i kommunen. Barne- og ungdomsarbeid i kyrkja.



**3** **Harriett  
Norstrand**

Yrke: **Lærar** Alder: 32 Adresse: **6985 Atløy**

**Relevante erfaringar:** Arbeidd som allmennlærar i fire år. Jobbar i mitt 5 år, og er no kontaktlærar. Med i styret for komiteen som arrangerer krabbefestival i 6 år. Leiar for klatrekubb i 5 år.



**4** **Ingvild  
Loftheim**

Yrke: **Førstekonsulent** Alder: 65 Adresse: **6980 Askvoll**

**Relevante erfaringar:**

Tilsett i skateetaten. Tidlegare medlem i Noregs Ungdomslag og styremedlem i L/L Askvoll samfunnshus

**Satsingsområde:**

Gjere ein viktig jobb for fellesskapet. Halde lokalkyrkja levande.

**8** **Aud Eldrid  
Frøholm**

Yrke: **Forretningsdrivande** Alder: 55 Adresse: **6980 Askvoll**

**9** **Eva Iren  
Landøy**

Yrke: **Naturterapeut/dagleg leiar** Alder: 44 Adr.: **6986 Værlandet**

**Relevante erfaringar:** Leiar i søndagskulen på Værlandet og dirigent i Værlandet familiekor. Medlem i Askvoll sokn sitt trusopplæringsutval.

**Satsingsområde:** Vil ha kyrkja åpen og tilgjengeleg for alle som ønsker det. Ønsker å gjøre kyrkja meir synleg i nærmiljøet ved å tilrettelege aktivitetar for born og unge.

**10** **Leif Jørgen  
Leknes**

Yrke: **Pensjonist** Alder: 75 Adresse: **6983 Kvammen**

**Relevante erfaringar:**  
Tidlegare bonde og sjåfør.

**11** **Sissel Hege  
Igland**

Yrke: **Autorisert rekneskapsførar** Alder: 46  
Adresse: **6980 Askvoll**



**7** **Arne  
Fedøy**

Yrke: **Pensjonist** Alder: 71 Adresse: **6987 Bulandet**

**Relevante erfaringar:** Tidlegare fiskar (skipper), tidlegare leiar i Askvoll KRF, tidlegare medlem av kommunestyret og diverse kommunale utval. Leiar i Styret for Bulandet Fiskarheim og medlem av soknerådet i inneverande periode.

**Satsingsområde:** Barne- og ungdomsarbeid.



**12** **Terje  
Mork**

Yrke: **Bonde og industrimedarbeidar** Alder: 55  
Adresse: **6982 Holmedal**

**Relevante erfaringar:** 8 år i Holmedal sokneråd. Diverse verv i lag og organisasjoner (hjortevald/sau og geit).

**Satsingsområde:** Vere inkluderande. Skape dialog mellom kyrkja og soknet.



**13** **Else  
Stølen**

Yrke: **Pensjonist** Alder: 73 Adresse: **6985 Atløy**

**Relevante erfaringar:** Erfaring frå drift av småbruk og Posten.

**Satsingsområde:** Arbeide for at kyrkjebygga vert haldne godt ved like.



**14** **Egil Helge  
Tjønneland**

Alder: 61 Adresse: **6983 Kvammen**



**15** **Arne Martin  
Tjugum**

Yrke: **Pensjonist** Alder: 73 Adresse: **6980 Askvoll**

**Relevante erfaringar:** Om lag 40 år som lærar ved Askvoll skule. Medlem av distriktsråd omsorg i Røde Kors.



# ALPHA-KURS for vaksne på Olset



## Alle som leitar!

Alpha-kurset er for alle som vil vite meir om kristen tru, eller som leitar etter eit kristent felleskap å tilhøyre.

## Læring og latter!

Vi har mykje å lære! På Alpha-kurset går det også an å ha det morosamt, samtidig som ein lærer meir om den kristne tru.

## Pizza og pasta!

Kurskveldane tek til med god kveldsmat. Dette er ein fin sjansje til å bli kjent med nye venner.

## Hjelpe kvarandre!

I gruppene kan vi hjelpe kvarandre til å søkje svar på spørsmål vi har, og du får kanskje svar på dine spørsmål.

## Alt du vil vite!

Ingen spørsmål er for store eller for små, for vanskelege eller for dumme. På Alpha-kurset ønskjer vi å ta kvarandre på alvor med våre spørsmål, tankar og undringar.

**Samlingane er på Olset bedehus, mandagar frå kl. 19:00 til 21:30**

Dato:	Tema:
<b>21.09</b>	Open samling med middag og presentasjon av kurset
<b>28.09</b>	Kven er Jesus?
<b>5.10</b>	Kvífor døydde Jesus?
<b>12.10</b>	Kva vil det seie å tru?
<b>19.10</b>	Kvífor og korleis skal eg be?
<b>26.10</b>	Kvífor og korleis lese Bibelen?
<b>2.11</b>	Korleis leier Gud oss?
<b>9.11</b>	Kven er Den Heilage Ande?
<b>16.11</b>	Kva gjer Den Heilage Ande?
<b>20-22.11 Helg</b>	Korleis kan eg bli fylt av Anden? Korleis kan eg stå imot det vonde? Kvífor og korleis fortelje det til andre? Helbreder Gud i dag? Kva med kyrkjelyden?
<b>30.11</b>	Korleis kan eg få mest ut av livet?

Ynskjer du informasjon, eller vil melde deg på kurset kan du kontakte:

Runhild Øvreås: 98 07 30 05, runhildovreas@live.no eller Stein Hugo Fykse: 90 96 01 54, sokneprest@askvoll.kyrkja.no



Valpresentasjon  
frå valrådet i  
Bjørgvin bispedøme

# Kyrkjevalet 2015

## Kven vil du skal styre i kyrkja?

Du er med på å bestemma kven som skal sitja i bispedømerådet og på Kyrkjemøtet, kyrkja sitt «storting» i perioden 2015 - 2019.

### Bli kjent med kandidatane:

- Kven er dei? • Kva erfaring har dei?
- Kvífor stiller dei til val? • Kva meiner dei?

**Kort presentasjon på dei neste sidene -  
fyldig presentasjon på [kyrkja.no/bjorgvin](http://kyrkja.no/bjorgvin)**





# Dei nominerte til Bjørgvin bispedømeråd 2015 - 19

**Det er ein nominasjonskomite som har sett opp lista. Nominasjonskomiteen er valt av representantar frå sokneråda, med ein medlem frå kvart prosti. Lista er utarbeidd på bakgrunn av forslag frå sokneråd, ungdomsrådet i bispedømet og forslag frå medlemene i nominasjonskomitéen. Komitéen har lagt vekt på at begge kjønn skal vere representerte med minst 40 prosent og at lista skal innehalde minst 20 prosent kandidatar under 30 år. Det er vidare lagt vekt på å at ein skal representera ei breidde i kandidatane sine syn på aktuelle kyrkjelege spørsmål.**



**1. Inger Helene Thingvold Nordeide**

54 år. Sjølvstendig næringsdrivande. Førde, Sunnfjord prosti.

**Erfaring:** Medlem og leiar Bjørgvin bispedømeråd, sørnorsk skulelærar, gudstenestetutval, kyrkjeblad, helse- og sosialutval i kommunen, styre folkehøgskule.

**Eg stiller til val fordi** eg ønsker å være med å påverke i dei vala kyrkja skal gjere etter skillet frå staten.



**2. Nora Sætre Baartvedt**

20 år. Student, Fyllingsdalen videregående skole. Voss, Hardanger og Voss prosti.

**Erfaring:** Leiar av Ungdomsrådet i Bjørgvin, medl. klokkarlaget i Voss, delegat Ungdommens kirkemøte 13 og UKM-delegat til Kyrkjemøtet 14.

**Eg stiller til val fordi** det er viktig for meg at kyrkja, i denne tida med endring, er til stades i samfunnet og bidreg med positive verdiar. Samstundes er det viktig at me framleis opprettheld dei tradisjonar og retriningslinjer som me sjølv kjenner oss att i. Eg vil gjerne være med å koma fram til noko som sikrar ei god framtid for kyrkja vår.



**3. Karl Johan Kirkebø**

65 år. Markedsdirektør. Bønes, Fana prosti.

**Erfaring:** Medlem og leiar i menighetsråd, Stiftelsen Bønes interimskirke, menighets-

blad, medlem fellesråd og medlem/leiar prostiråd. President i lokal Lions club.  
**Eg stiller til val fordi** eg har eit brennande engasjement for kyrkja og for det den kan bety for kvar enkelt og for lokalsamfunnet. Eg er uroleg for utviklinga i kyrkja og er redd for at kyrkja er i ferd med å bli meir og meir konform, med blir lågare takhøgd og høgre tersklar. Viktig å ta tak i bl.a. finansiering no når kyrkja blir meir sjølvstyrta. Med min bakgrunn frå økonomi og strategi og mitt engasjement som kyrkjemedlem, trur eg at eg kan medverka.



**4. Andreas Skeidsvoll**

23 år. Student, Universitetet i Bergen. Osterøy, Åsane prosti.

**Erfaring:** Sokneråd. Eittåring i kyrkja. Student-KRIK, kor, ungdomsforeining og kyrkjelydsarbeid.

**Eg stiller til val fordi** eg ønsker å bidra med tankar og idear om korleis kyrkja kan løysa dei store utfordringane den står overfor i tida framover. Eg ønsker å være ei ung røst i bispedømerådet og på Kyrkjemøtet, og eg håper at mi erfaring frå fleire kristne ungdoms- og studentmiljø kan vera med på å gi eit nytt perspektiv på sakene som vert tatt opp i desse organa.



**5. Berit Nøst Dale**

63 år. Høgskolektor NLA/Lærerhøgskolen. Meland, Nordhordland prosti.

**Erfaring:** Medlem i Bjørgvin bispedømeråd, medlem og nestleiar i sokneråd.

**Eg stiller til val fordi** eg er blitt beden om det, kanskje fordi eg har erfaring frå bispedømeråd og kyrkjemøtet siste periode. Som leiar kyrkjegjengar i eigen kyrkjelyd ser eg det som positivt at folk på grunnplanet er med og avgjer kvar kyrkja skal gå vidare i den nye situasjonen som kyrkjesamfunn heller enn statskyrkje.



**6. Marius Økland**

29 år. Adm. leiar, Normisjon reg. Sogn og Fjordane. Bremnes, Sunnhordland prosti.

**Erfaring:** Konfirmantlærar. Styre- og leiarver i Indremisjonssamskipnaden og Normisjon. Sørnorsk skulelærar.

**Eg stiller til val fordi** eg er motivert til å jobbe for at kyrkja skal vere relevant i barn og unge sitt liv. Dette må vi halde varmt på alle nivå i kyrkja. I trua på Jesus er vi kalla til eit livslangt disippelskap – og kyrkja må møte barnefamiliane, ungdommane og dei unge vaksne sine behov for kristent fellesskap på ein måte som er relevant for dei.



**7. Liv R. Ågotnes**

48 år. TSP Group Manager and System Administrator. Fjell, Vesthordland prosti.

**Erfaring:** Leiar for personal- og serviceavd. ved Bjørgvin bispedømekontor. Kyrkjeverje, leiar kyrkjelydsutval, medlem sokneråd.

**Eg stiller til val fordi** eg er glad i kyrkja og voner eg kan gjøre nytte for meg med min kompetanse innan personal, organisasjon breid erfaring innanfor ulike arbeidslag i kyrkja.



**8. Ida Lindøe**

47 år. Lektor, Kvam ungdomsskule. Ålvik, Hardanger og Voss prosti.

**Erfaring:** Leiar sokneråd og medlem fellesråd og trusopplæringsutval. Medlem og leiar Emmaus (no Kyrkjelag dialogsenter Bergen). Studentmenigheten i Bergen. Medlem kvinneutvalet i Bjørgvin.

**Eg stiller til val fordi** fordi eg håpar å kunna bidra med mi erfaring og kompetanse frå kyrkjelag arbeid i meir enn 25 år. Bakgrunnen min som religionsvitar er også relevant. Eg har eit stort ønske om at så mange som mogeleg skal få oppleve Den norske kyrkja som ein god stad å komme til og få bu i. Låg terskel, inkludering i fokus. Være ein god arbeidsgjever. Kyrkja må både klare å tilpasse seg slik kvar dag og helg er for folk flest i dag, samstundes som den skal ta vare på tradisjonar både frå kyrkjelivet i Noreg og hente inspirasjon frå den verdensvide kyrkja gjennom historien.



**9. Vemund Øiestad**

66 år. Tannlege i Sogn og Fjordane fylkeskommune. Norsida sokn, Nordfjord prosti.

**Erfaring:** Leiar sokneråd. Leiar fellesråd og prostiråd. Varmedlem Etisk råd i Den norske tannlegeforening.

**Eg stiller til val fordi** eg er oppteken av utviklinga i kyrkja. Med bakgrunn både frå sokneråd og fellesråd i 18 år, har eg ein god del kunnskap og erfaring som vil vere viktig å ta med seg i dei utfordringar kyrkja står overfor dei nærmaste åra.



**10. Per Hilleren**

56 år. Bonde, Stedje, Sogn prosti.

**Erfaring:** Leiarverv regionale styre i landbruk og landbrukssamvirke. Styreleiar Lyngmo Ungdomssenter. Sokneråd og prostiråd.

**Eg stiller til val fordi** eg ønsker å vere med å bidra til å styrke den norske kyrkja sin posisjon.



**11. Inge Wilhelm Økland**

26 år. Barne- og ungdomsarb. i Indremisjonsforb. Sandviken, Bergen domprosti.

**Erfaring:** Varmedlem ungdomsrådet i Bjørgvin. Konfirmantleiar.

**Eg stiller til val fordi** det er ei veldig spennande tid kyrkja er inne i no, og val gjort i neste periode kan få store konsekvensar for framtida til kyrkja. Eg trur det kan være positivt med nokon ungdomar i bispedømerådet.



**12. Hildegunn Kalvenes**

67 år. Pensjonert helse-søster. Austevoll, Fana prosti.

**Erfaring:** Leiar sokneråd. Helse-søster. Meddommar Heradsretten.

**Eg stiller til val fordi** eg ser på kyrkja som ei stor misjonsmark. Viktig at det er klar forkyning til omvending og frelse. Ynskjer å vera med å fremje at kyrkja står på Guds ord.



**13. Bjørn Sandvik Sølsnæs**

20 år. Student. Leikanger, Sogn prosti.

**Erfaring:** Verv i Fylkesstyremedlem i Senterungdomen Sogn og Fjordane, Leiar i Senter-

ungdomen Midtre Sogn, Leiar i Leikanger Bondelag, Leiar i Leikanger Mållag.

**Eg stiller til val fordi** eg er reflektert og engasjert. Eg er glad i og kjenner meg heime i kyrkja, og vil gjerne brukar engasjementet mitt på å forvalta henne vidare. Me lever i ei spennande tid og står føre store endringar. Eg er løysingsorientert og trur eg kan bidra positivt og konstruktivt i dei prosessane som kjem.



**14. Kjellfrid Torunn Mæland**

63 år. Førsteamannuensis i pedagogikk ved HSH. Stord, Sunnhordland prosti.

**Erfaring:** Medlem i sokneråd og kyrkjekademiet.

**Eg stiller til val fordi** eg har fått eit konkret spørsmål frå den lokale kyrkjelyden. Eg ser det meiningsfylt og spennande å delta i kyrkjelag utviklingsarbeid i ei tid med store endringar, og der både nasjonale og internasjonale perspektiv høyrer med.



**15. Gunn Ragnhild Vårdal Helgesen**

59 år. Sjølvstendig næringsdrivande. Selje, Nordfjord prosti.

**Erfaring:** Ordførar, Varaordførar, Leiar i Nordfjordrådet, Leiar i hovudutval for skule og barnehage i Selje.

**Eg stiller til val fordi** eg er spurt om å stille som kandidat, og eg har eit ynskje om å delta.



**16. Kjell Jarle Aadland**

66 år. Rådgiver. Os, Fana prosti.

**Erfaring:** Os Y's men klubbs president, Y's men Region Norge kasserer.

**Eg stiller til val fordi** eg vil vera ein representant for mangfoldet.



**17. Jostein Bildøy**

49 år. Dagleg leiar. Førde, Sunnfjord prosti.

**Erfaring:** Mentor/teneste i trusopplæring, foredragshaldar. Fylkessekretær KrF.

Sørnorsk skulekonsulent. Styremedlem European Lutheran Sunday School Association.

**Eg stiller til val fordi** eg vil vere ein medspelar i arbeidet med å styrke og vidareutvikle trusopplæring for barn, familie og kyrkjelyd. Eg vil arbeide for Den norske kyrkja som ein proaktiv og dynamisk kyrkjelag organisasjon som lokal og nasjonalt motiverer som konkret trussamfunn og folkekirkje. Eg vil vere ein medspelar i arbeidet med dialog mellom trus- og livssynsamfunn for kjennskap, tryggleik og respekt.



**Supplerande kandidat: Egil Morland**

65 år. Førsteamannuensis. Fjell, Vesthordland prosti.

**Erfaring:** Bjørgvin bispedømeråd og Kyrkjelag, Fagleg-etiisk utval i Menneskeverd. Varaordførar.

**Eg stiller til val fordi** dei siste åra og dei komande er svært viktige for kyrkja si framtid, både når det gjeld ordninger og profil. Det vil ikkje vera rett å «hoppa av» no, med den erfaringa eg har frå desse prosessane. Eg har no hatt 1½ periode i Bispedømerådet, og er for tida også vald medlem av Kyrkjelaget.



**Supplerande kandidat: Marte Seip**

69 år. Pensjonert lækjar. Eidfjord sokn, Hardanger og Voss prosti.

**Erfaring:** Kirkens Nødhjelp i Sør-Sudan og Pakistan. Sokneråd og fellesråd. Speidarleiar. Medlem av diakoniutvalet i Bjørgvin.

**Eg stiller til val fordi** kyrkja ligg meg på hjarta. Vi er no inne i ein viktig organisasjonsoppbyggingsfase. Eg er oppteken av at strukturar på alle plan må tene det lokale arbeidet. Spesielt meiner eg at eg kan representere små kommunar og prosti med mange sokn og kommunar.

**Supplerande kandidatar kom inn etter nominasjonen med minst 75 underskrivarar kvar bak seg. Alder på kandidatane er alder på valldagen 14. september.**

**Les meir om kandidatane på kyrkja.no/bjorgvin**



## Bli betre kjent med kandidatane

**Les meir om kandidatane på nettet:** [kyrkja.no/bjorgvin](http://kyrkja.no/bjorgvin), eller i brosjyre du får på ditt lokale kyrkjekontor.

**Der kan du lesa kandidatane sine svar på desse spørsmåla:**

1 | Eg stiller til val til bispedømerådet og Kyrkjemøtet fordi:

2 | Den norske kyrkja sitt visjonsdokument (2015–2019) presenterer den evangelisk-lutherske folkekirkja som:

- Vedkjennande
- Open
- Tenande
- Misjonerande

3 | Korleis vil du arbeida for å verkeleggjera dette?

4 | Kva meiner du om vigsel av likekjønna par i Den norske kyrkja?

5 | Tilhovet mellom staten og kyrkja er i endring. Kva framtidsutsikter ser du for rekruttering, organisering og arbeidsgjevaransvar i kyrkja?

6 | Korleis vil du leggja til rette for at kyrkja kan halda saman trass i saker med stor usemjje?

## Kyrkjevalet 2015 - kort sagt

- 13. – 14. september er det kyrkjeval i tillegg til kommune- og fylkestingsval. Dei fleste stader er valet berre den 14. september.
- Alle medlemer av Den norske kyrkja har røysterett frå det året dei fyller 15.
- Førehandsrøysting frå 10. august.
- Kandidatane blir valde for fire år.
- I august vil alle med røysterett få eit valkort i posten med informasjon om kvar og når dei kan røysta.
- Medlemene av bispedømerådet er også medlemer av Kyrkjemøtet, Den norske kyrkja sitt «Storting». Kyrkjemøtet har ei veldig viktig rolle i å styra kyrkja no som den er i ferd med å bli sjølvstendig i høve til staten.
- Di røyst i det direkte valet er med på bestemma dei fire første kandidatane som skal inn i bispedømerådet. Resten av dei sju leike representantane blir valde av sokneråda seinare.
- I tillegg vel prestane ein kandidat og andre kyrklege tilsette ein kandidat. Begge desse gruppene har eigne kandidatlisler. Biskopen er fast medlem av bispedømerådet, som har 10 medlemer.

### Du kan påverka

Nominasjonskomiteen sine kandidatar er sette opp på vallista i prioritert rekjkjefølgje. Eventuelle kandidatar frå supplerande nominasjon står nedst på lista utan nummer. Rekkefølgja har berre noko å seie dersom to kandidatar får likt tal røyster. Kvart kryss du set framfor ein kandidat, kan difor ha mykje å seia.

## Slik går du fram når du skal velja kandidatar

A | Du kan levere røystesetelen utan endringar.  
- Alle kandidatane på røystesetelen får då ei røyst kvar.

Vil du endre på røystesetelen, kan du gje inntil tre kandidatar ei tilleggsrøyst ved å setje eit kryss i ruta til venstre for namnet til kandidaten.

B | - Kandidaten får då to røyster.  
- Andre kandidatar får ei røyst kvar.  
- Andre endringar vil ikkje telje med.  
- Det er ikkje høve til å stryka kandidatar.

Val av leike medlemmer til bispedømeråd og Kyrkjemøtet - EKSEMPEL	
(13.-14. september 2015)	
<b>Nominasjonskomiteen</b>	
<input type="checkbox"/> 1. Ø.	IKKE
<input checked="" type="checkbox"/> 2. O.	ØRSTESEN, 25 år, GRANVÅGEN 15, LINDØY, Ifeng, 60 år, SMÅSKOG 20, TVEIT, Henn
<input type="checkbox"/> 3. K.	ØRSTESEN, 25 år, STENHAMAR 11, SMÅSKOG, Henn
<b>Supplerande kandidater</b>	
<input type="checkbox"/> 1. Ø.	CHRISTIAN ANTHONSEN, 41 år, ANDORFSEN VE 22, Rø, Ifeg
<input type="checkbox"/> 2. O.	VALD I. RØ, 25 år, VÅLVÅG 44, VIKEN, Ifeg
<input type="checkbox"/> 3. K.	ATLE JOHANSEN, 39 år, KJERSEBÅTEN 9, STRAND, Henn
<input checked="" type="checkbox"/> 4. K.	TO LAULÅSSEN, 40 år, GRUSVIEN 99, SANDVIK, Ifeg
<input type="checkbox"/> 5. K.	MØSTEN I.K., 30 år, SØLVÅGEN 18, SØLVÅGEN, Ifeg
<input type="checkbox"/> 6. K.	ALF PÅSØD ENGERSTEDT, 31 år, SVELVÅGEN 32, Rø, Ifeg
<input type="checkbox"/> 7. K.	PÅL HANSEN, 70 år, SMÅ SKÅLET 65, STRAND, Ifeg
<input type="checkbox"/> 8. K.	PER HARALDSEN, 57 år, STRØMHEIMEN 21, SVÆL NES, Kinsarvik
<input type="checkbox"/> 9. K.	INGER HØVDAK, 35 år, INGDAKA 183, SVÆL NES, Kinsarvik
<input type="checkbox"/> 10. K.	ARNE KRISTJANSEN, 48 år, BÅNDVIKEN 2, ØRSTAD, Ifeg
<input type="checkbox"/> 11. K.	HILDE MONSEN, 42 år, MÅSÅGRENDÅ, NORDRYGDA, buss
<input type="checkbox"/> 12. K.	CUNILUD NYGAARD, 36 år, VÅGÅEN 7, VIKEN, Ifeg



## Framhald i oppryddinga i gravregisteret

Som mange har merka er kyrkjeadministrasjonen i gang med eit større oppryddingsprosjekt i gravregisteret, for å få dette oppdatert med rett festar registrert, samt å komme ajour med fornying av utløpte festeavtalar.

For festeavtalar som er tidlegare er utløpte, og kyrkjeadministrasjonen dessverre ikkje har fått sendt ut tilbod om festeavtrynging for i tide, skriver vi fram festeutløpet til inneverande år. Pårørande får så tilbod om festeavtale for neste femårsperiode. For tidlegare utløpte avtalar krev vi altså ikkje festeavtak bakover i tid.

Gjennom våren og forsommaren har svært mange graveigarar vorte varsle med brev om utløpte festeavtalar eller utløpt fredingstid i tillegg til at vi, via skilting ved gravminna, har forsøkt å komme i kontakt med graveigarar som ikkje har vorte registrerte i vårt register (gjeld førebels berre Askvoll kyrkjegard).

### Gravfeste

Dette har ført til svært mange henvendingar til kyrkjekontoret, og mange har spørsmål om festeordninga. Mange reagerer på at det t.d. vert sendt festekrav/festetilbod på graver som enno ikkje er 30 år gamle.

Grunnen til at slike krav vert sendt ut er ordninga med feste av grav. Mange ønskjer i samband med ei gravlegging å reservere grav til seg sjølv. Dette er ein rett ein har etter § 3 i gravplassvedtekter for Askvoll. Ein fester då ei festegrav for ein periode

på fem år av gangen (endring f.o.m. 2015). Om ein vel å feste ei grav til seg sjølv får ein ikkje fri gravperiode for festegrava i fredingstida, men grava vil vere avgiftspliktig frå reservasjonstidspunktet. Det ein altså betalar festeavtak for, er råderetten over grava, altså å avgjere kven som skal gravleggast i grava og forsyne grava med gravminne.

Utanom dømet med festa tilleggsgrav vil ein kunne inngå festeavtale når fri gravperiode for tilvist grav utløper etter fredingstida sitt utløp. Festeavtalen gjeld då for 5 år av gangen inntil det har gått 70 år etter gravlegginga.

### Sletting av grav og gravstad

Fleire har vore uroa, og lurt på om vi no skal slette graver dei har ansvar for, og då gjerne graver som berre er få år gamle. Det skal vi sjøvsagt ikkje. Så lenge vi har pårørande for gravstaden, og desse ønskjer å halde grava i hevd, vil vi ikkje slette ei grav før det har gått 70 år etter sist gravlegging.

Dette vil festar bli varsle om i eige skriv, der det også går fram at festet kan verte forlenget ut over 70 år etter sist gravlegging etter særskild søknad.

### Når skal ei grav slettast?

Det er gravfestar eller den som er ansvarleg for fri grav som tek stilling til om ei grav skal verte slettet. Om festaren sjølv ikkje lenger ønskjer å halde ei grav i hevd, kan festet verte overført til ein annan person. Når vi får melding frå festar om at ei grav skal slettast, vil vi frigjøre grava i gravregisteret og fjerne gravminnet frå grava.

Det er sjøvsagt nødvendig for gravplassforvaltinga at det er omløp i gravene, slik at det vert frigjort plass til nye gravleggingar.

### Opplysing av gravstad og fleire namn på eit gravminne

I nokre tilfelle kan ein slette graver og likevel behalde gravminnet. Dette er ei løysing som både frigjer graver, og den som er festar for fleire gravstader får færre avgiftspliktige graver å betale på.

Om ein t.d. har ein gravstad (to graver som er festa saman) med felles gravminne og minst ei av gravene er over 30 år, har ein høve til å løye opp gravstaden og behalde felles gravminne på den grava som vert festa vidare (i nokre tilfelle krev dette at gravminnet fysisk må flyttast til festegrava, og festar må sjølv betale for dette). Ein betalar då berre éi festeavtak i staden for to i gravstaden.

Dersom ein festar har fleire graver på ulike plassar på gravplassen, er det høve til å slette graver og føre fleire namn på eksisterande gravminne, eller samle fleire namn på eit nyt gravminne. Det er ingen avgrensing for kor mange namn som kan førast på eit gravminne.

Desse siste to alternativa kan vere gode løysingar for å redusere festeavtak for gravfestar samtidig som det vert frigjort gravareal på gravplassen, dersom det ikkje er meiningsa at ein skal nyte gravene til nye gravleggingar i familien i framtida.



# Velkommen til gudsteneste



## ASKVOLL KYRKJE

**26. juli, kl. 11.00**  
Gudsteneste ved Knut Arne Kummeneje. Offer til: Kyrkjebladet

**23. august, kl. 13.30**  
Gudsteneste med "kick-off" for alle konfirmantane i soknet ved Stein Hugo Fykse. Offer til: Kyrkjelydsarbeidet

**6. september, kl. 11.00**  
Gudsteneste med presentasjon av konfirmantane ved Knut Arne Kummeneje. Offer til: Kyrkjelyds misjonsprosjekt

**20. september, kl. 11.00**  
Gudsteneste ved Stein Hugo Fykse. Offer til: Det Norske Misjonsselskap

**4. oktober, kl. 11.00**  
Gudsteneste med utdeling av 4 og 6-årsbok for Askvoll og Stongfjorden ved Knut Arne Kummeneje. Offer til: Den Norske kyrkja i utlandet

**18. oktober, kl. 11.00**  
Gudsteneste ved Stein Hugo Fykse. Offer til: TV-aksjonen.

**1. november, kl. 11.00**  
Gudsteneste ved Knut Arne Kummeneje. Offer til: Askvoll kyrkje

**15. november, kl. 11.00**  
Gudsteneste ved Stein Hugo Fykse. Offer til: Det Norske Bibelselskap

**29. november, kl. 11.00**  
Gudsteneste ved Knut Arne Kummeneje. Offer til: Kyrkjelydsarbeidet

**13. desember, kl. 11.00**  
Gudsteneste ved Knut Arne Kummeneje. Offer til: Laurdagsklubben

**24. desember, kl. 16.00**  
Julatangudsteneste ved Lilja Kristin Thorsteinsdottir.  
Offer til: Kirkens Nødhjelp

**25. desember, kl. 12.00**  
Høgtidsgudsteneste ved Knut Arne Kummeneje. Offer til: Den evangelisk-lutherske kyrkje i Jordan og Det heilage landet

**31. desember, kl. 16.00**  
Minnegudsteneste ved Stein Hugo Fykse. Ikkje offer

**1. januar, kl. 17.00**  
Høgtidsgudsteneste ved Knut Arne Kummeneje. Offer til: Kirkens SOS



## BULANDET KAPELL

**21. juni, kl. 11.00**  
Gudsteneste ved Knut Arne Kummeneje. Offer til: Fiskarheimen

**5. juli, kl. 11.00**  
Friluftsgudsteneste ved Stein Hugo Fykse. Offer til: Balandet kapell

**16. august, kl. 11.00**  
Gudsteneste ved Knut Arne Kummeneje. Offer til: Kyrkjelyds misjonsprosjekt

**13. september, kl. 11.00**  
Gudsteneste med presentasjon av konfirmantane og utdeling av 4 og 6-årsbok for Værlandet og Balandet ved Knut Arne Kummeneje. Offer til: Fiskarheimen

**25. oktober, kl. 11.00**  
Gudsteneste ved Stein Hugo Fykse. Offer til: Den Indre Sjømannsmisjon

**6. desember, kl. 15.00**  
Gudsteneste ved Knut Arne Kummeneje. Offer til: Skilbrei Ungdomssenter

**8. november, kl. 19.00**  
Gudsteneste ved Knut Arne Kummeneje. Offer til: Kyrkjelyds-arbeidet

**25. desember, kl. 12.00**  
Høgtidsgudsteneste ved Stein Hugo Fykse. Offer til: Kirkens Nødhjelp



## HOLMEDAL KYRKJE

**21. juni, kl. 12.00**  
Friluftsgudsteneste ved Stein Hugo Fykse. Ikkje offer

**12. juli, kl. 11.00**  
Gudsteneste ved Stein Hugo Fykse. Offer til: Det Norske Misjonsselskap

**2. august, kl. 15.00**  
Friluftsgudsteneste ved Eldresenteret ved Knut Arne Kummeneje. Ikkje offer

**30. august, kl. 11.00**  
Gudsteneste med presentasjon av konfirmantane ved Stein Hugo Fykse. Offer til: Kyrkjelydsarbeidet

**27. september, kl. 11.00**  
Gudsteneste ved Stein Hugo Fykse. Offer til: Norsk Sundagsskule-forbund

**25. oktober, kl. 11.00**  
Gudsteneste med utdeling av 4 og 6-årsbok ved Knut Arne Kummeneje.

**6. desember, kl. 15.00**  
Gudsteneste ved Knut Arne Kummeneje. Offer til: Kirkens Nødhjelp

**8. november, kl. 19.00**  
Gudsteneste ved Knut Arne Kummeneje. Offer til: Kyrkjebladet

**6. desember, kl. 15.00**  
Gudsteneste ved Stein Hugo Fykse. Offer til: Holmedal kyrkje

**24. desember, kl. 16.00**  
Julatangudsteneste ved Knut Arne Kummeneje. Offer til: Kirkens Nødhjelp



## KVAMMEN KAPELL

**19. juli, kl. 11.00**  
Gudsteneste ved Stein Hugo Fykse. Offer til: Norsk Gideon Bibelselskap

**9. august, kl. 11.00**  
Gudsteneste ved Knut Arne Kummeneje. Offer til: Kyrkjebladet

**13. september, kl. 11.00**  
Gudsteneste med presentasjon av konfirmantane ved Stein Hugo Fykse. Offer til: Kyrkjelydens misjonsprosjekt

**4. oktober, kl. 11.00**  
Gudsteneste med utdeling av 4 og 6-årsbok ved Stein Hugo Fykse. Offer til: Kyrkjelydsarbeidet

**8. november, kl. 11.00**  
Gudsteneste ved Stein Hugo Fykse. Offer til: Kirkens SOS

**13. desember, kl. 17.00**  
Gudsteneste ved Stein Hugo Fykse. Offer til: Norsk Sundagsskule-forbund

**24. desember, kl. 13.30**  
Julatangudsteneste ved Knut Arne Kummeneje. Offer til: Kirkens Nødhjelp



# Kyrkjelege handlingar

## DØPTE 2015

### ASKVOLL

05. april Iver Vilnes  
05. april Sofia Skarstein Bauge  
19. april Signe Frøholm Klausen  
31. mai Lilje Sofie Enstad Frøholm

### VILNES

08. mars Ive Alvida Stølen  
29. mars Thiago Aleksander Lisboa  
07. juni Silje Hårklaug Mjåseth  
07. juni Marius Høyvik Schaefer

### HOLMEDAL

29. mars Amalie Stenseth-Langeland døpt i Guddal kyrkje.  
Foreldra til Amalie, Janne Renate Langeland og Lasse Stenseth vart vigde her same dag.

02. april Tobias Vasseth Antonsen  
07. juni Elvira Herland Haugen  
07. juni Christoffer Sæterdal

### BULANDET

22. mars Milla Hillersøy-Heggøy



## GRAVLAGDE 2015

### ASKVOLL

13. mars Svein Helge Strømmen f.1960  
31. mars Ruth Elisabeth Lutentun f.1925  
30. april Hildur Petra Hansi Russenes f.1937

### VILNES

01. april June Emilie Leirvåg f.1992  
17. april Elida Gjervik f.1926  
17. april Gudrun Olava Mjåseth f.1927

### HOLMEDAL

12. juni Astrid Vårdal f.1918

**GJELSVIK**  
16. juni Inger Marie Kvammen f.1920

**VÆRLANDET**  
12. mai Jarl Landøy f.1947

**BULANDET**  
26. juni Asbjørg Erna Gillesøy f.1939



## Gudstenester for konfirmantåret 2015-2016

23.08 Gudsteneste med kick-off for konfirmantane i Askvoll kyrkje  
10.04 Samtalegudsteneste i Askvoll kyrkje  
24.04 Konfirmasjon Holmedal  
08.05 Konfirmasjon Askvoll  
14.05 Konfirmasjon Vilnes  
21.05 Konfirmasjon Balandet og Værlandet  
22.05 Konfirmasjon Stongfjorden og Kvammen

*Konfirmantane i dei ulike kyrkjene vil verte presentert for kyrkjelydane i haust.*

## Gudstenester i Værlandet bedehuskapell

23.08. kl. 12.30 v/Magnar Hellesøy. Offer til Kyrkjelydsarbeid/Norsk Lutherisk Misjonssamband (NLM)  
27.09. kl. 10.30 v/Sigurd Sande. Offer til Værlandet Bedehuskapell/Frelsesarmeene  
08.11. kl. 10.30 v/Sigurd Sande. Offer til Værlandet Bedehuskapell/Evangeliesenteret  
13.12. kl. 16.30 v/Magnar Hellesøy (Lysmesse). Offer til Værlandet Bedehuskapell/Kirkens Nødhjelp



Sjå [www.askvoll.kyrkja.no](http://www.askvoll.kyrkja.no)  
for oppdatert gudstenesteliste





## 4-årsboka og 6-årsboka blir delt ut i same gudstenesta

Alle 4-åringane og 6-åringane i Askvoll sokn blir invitert til ei gudstenesta for å motta kyrkjboka. I gudstenesta får borna få høre ei forteljing frå Jesu liv, og vi går inn i prosesjon. Saman med boka er det eit arbeidshefte med spennande oppgåver.

Bøkene blir delt ut desse datoane og stadane:

**13. september Bulandet kapell kl. 11.00.**

Værlandingane blir invitert til denne gudstenesta.

**4. oktober i Askvoll kyrkje kl. 11.00.**

Stongfjordingane blir invitert til denne gudstenesta.

**4. oktober i Vilnes kyrkje kl. 15.00**

**4. oktober i Kvammen kapell kl. 11.00**

**25. oktober i Holmedal kyrkje kl. 11.00**

*Håpar du kjem for å få boka!*

*Invitasjonsbrev blir sendt ut.*



DEN NORSKE KYRKJA  
Askvoll

KONTAKT OSS:



RUNE ZIENER  
Dagleg leiar/kyrkjeverje

📞 479 63 319  
✉️ kyrkjeverje@askvoll.kyrkja.no



MARIT VEBERG ASK  
Kyrkjesekretær

📞 918 74 724  
✉️ kyrkjesekreter@askvoll.kyrkja.no



STEIN HUGO FYKSE  
Sokneprest

📞 909 60 154  
✉️ sokneprest@askvoll.kyrkja.no



BENTE MYHRE STRØMMEN  
Trusopplærar

📞 930 07 372  
✉️ bente.strømmen@enivest.net



Anton Proskurnin  
Organist

📞 482 32 977  
✉️ organist@askvoll.kyrkja.no



KNUT ARNE KUMMENEJE  
Spesialprest (barn/unge)

📞 908 55 230  
✉️ knut.arne.kummeneje@fjaler.kyrkja.no

## Askvoll Kyrkjekontor

Postboks 14, 6988 Askvoll

Teléfono 918 74 724 e-post: post@askvoll.kyrkja.no

Heimeside: www.askvoll.kyrkja.no

Facebookside: www.facebook.com/kyrkjaiaskvoll



**Kontortid:** tysdag til torsdag kl: 09.00 – 15.00 Fredag kl: 10.00 – 14.00

**Beredskapstelefon:** 954 83 152 ved akutt behov for prestetjeneste etter kl. 17.00 og i helgene. Måndag er prestane sin fridag.

**Kyrkjebladredaksjonen:** Rune Ziener (ans. red.), Stein Hugo Fykse, Marit Veberg Ask, Bente Myhre Strømmen

**Leiar Askvoll sokneråd:** Ole Andreas Myrstad 906 32 818